




STRYN KOMMUNE



Planprogram


**Utviklingsplan for
Stryn kommune
2023–2035**

**Kommuneplanen
sin samfunnsdel**

Høyringsutkast 24.11.2022

INNHOLD

1 RAMMER OG FØRINGAR	3
1.1 Det kommunale plansystemet	3
1.2 Kva er eit planprogram.....	4
1.3 Formålet med kommuneplanen sin samfunnsdel.....	4
1.4 Nasjonale forventningar og føringar	5
1.5 Regionale forventningar og føringar	6
2 UTVIKLINGSTREKK	7
2.1 Utvalde utviklingstrekk.....	7
3 TEMA- OG UTVIKLINGSOMRÅDE SOM KOMMUNEN VIL HA SÆRLEG FOKUS PÅ	10
3.1 Berekraftsmåla	10
3.2 Aktuelle tema og utviklingsområde	12
«Berekraftig næringsutvikling»	12
«Bulyst og attraktive lokalsamfunn».....	12
«Eit godt livsløp i Stryn».....	13
«Framtidsretta utvikling i heile kommunen»	13
3.3 Visjon og verdiar	14
3.4 Arealstrategi.....	15
3.5 Kommunen som organisasjon.....	16
4 MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT	17
4.1 Organisering og opplegg for medverknad	17
4.2 Organisering og framdriftsplan	19
4.3 Kunnskapsgrunnlag og utgreiingsbehov	21




1 RAMMER OG FØRINGAR

1.1 DET KOMMUNALE PLANSYSTEMET

Kommuneplanen sin samfunnsdel er i plan- og bygningslova §11-2 satt som kommunane sin viktigaste overordna, strategiske og samordnande plan. Den skal gi føringar for kommunane sin vidare planlegging og økonomiplanlegginga gjennom kommuneplanens handlingsdel.

Som figuren viser inneheld kommunens plansystem av fleire plantypar. I planstrategien prioriterer kommunestyret kva kommunedelplanar, tema planer/strategiar og arealplanar vi skal utarbeide for å nå kommuneplanmåla. Alle tematiske planer (ikkje arealplanar) har handlingsdelar.

Ein vellykka overgang frå vedtatt planar til handlingsprogram med økonomiplan og gjennomføring, avhenger av at kommunen ikkje har for mange planer samla sett, og at kvar plan ikkje er for omfattande. Prioriteringar av tiltak tilpassa dei tilgjengelege ressursane skjer i den årlege utarbeidingsa og vedtak av handlingsprogram med økonomiplan.



Figur: Hierarki og arbeidsdeling i det kommunale plansystemet (Illustrasjon: Asplan Viak)

[For meir informasjon sjå Stryn kommune sin planstrategi her.](#)


1.2 KVA ER EIT PLANPROGRAM

Eit planprogram er ein «plan for planen». Planprogrammet omtalar planprosessen for samfunnssdelen på eit overordna nivå. Hovudoppgåva er å tydeleggjere kva ein skal jobbe vidare med i kommuneplanen og avklare kva tema kommuneplanen skal konsentrere seg om.

Gjennom å gje innspel til planprogrammet kan innbyggjarar, lag og organisasjoner, næringsliv og andre samfunnsaktørar vere med på å utvikle planen heilt frå starten. På denne måten kan det endelege resultatet og samfunnssdelen vår bli det gode styringsverktøyet det skal vere, og forme utviklinga i Stryn i ønska retning. Forslag til planprogram skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn. Planprogrammet skal fastsettast av kommunestyret.

Eit planprogram skal omtale følgjande punkt:

- Planarbeidet sitt føremål
- Planprosessen med organisering, framdriftsplan og milepelar
- Plan for medverknad
- Føringar for planen
- Kunnskapsgrunnlag og behov for utgreiingar



Figur: Kommuneplanprosessen

1.3 FORMÅLET MED KOMMUNEPLANEN SIN SAMFUNNSDEL

Samfunnssdelen skal ikkje vere ein altomfattande plan, men eit overordna, strategisk styringsverktøy.



Kommuneplanen sin samfunnssdel er Stryn kommune sitt viktigaste styringsverktøy og synleggjer retning for ønska samfunns- og tenesteutvikling. Den skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for Stryn kommune som samfunn og for kommunen som organisasjon. Kommuneplanen skal samtidig ta i vare både kommunale, regionale og nasjonale mål, interesser og oppgåver. Målsettingane i samfunnssdelen vil vere førande for kommunen sin arealdel og kommunedelplanar.

I rettleiaren [Kommuneplanprosessen- samfunnssdelen-handlingsdelen](#) vektleggas samfunnssdelen si rolle som verktøy for strategisk og politisk styring og igjennom det også effektivitetsomsyn. Her framhevast samfunnssdelens rolle som verktøy for betre og meir heilskapleg planlegging for ein berekraftig samfunnsutvikling, strategisk styring, politisk styring og medverknad. Det er viktig å legge til rette for ein open medverknadsprosess og sikre god politisk forankring av samfunnssdelen for at dette skal bli eit godt styringsverktøy.

Veileder

Kommuneplanprosessen

- samfunnssdelen – handlingsdelen



1.4 NASJONALE FORVENTNINGAR OG FØRINGAR

Nasjonale forventningar til kommunal planlegging 2019–2023

Kvar fjerde år legg regjeringa fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ein berekraftig utvikling i heile landet. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i fylkeskommunanes og kommunanes arbeid med planstrategiar og planar.

Fylgjande fire utfordringar er vektlagt i gjeldande forventningsdokument:

- å skape eit berekraftig velferdssamfunn
- å skape eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- å skape eit sosialt berekraftig samfunn
- å skape eit trygt samfunn for alle

Regjeringa har bestemt at FNs 17 berekraftmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid, også i Noreg. Det er derfor forventa at berekraftmåla vert ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga. Berekraftsmåla er nærmare forklart i kapitel 3.1



Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019–2023

Vedteke ved kongelig resolusjon 14. mai 2019

 Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Andre nasjonale føringer (lista er ikkje uttømmande):

Det er mange nasjonale føringer, lover og forskrifter som kommunen må halde seg til i alle sektorar og i tenester vi leverer. Nedanfor har vi lista opp nokre av dei relevante føringane.

Berekraftige byar og sterke distrikt. Meld. St. 18 (2016–2017).

Dette er ei melding til Stortinget om politikk for utvikling i byar og distrikt. Det er ei overordna stortingsmelding som gjev eit samansett og kunnskapsbasert bilet av korleis utfordringar og moglegheiter varierer rundt om i landet.

Leve hele livet - En kvalitetsreform for eldre. Meld.St. 15 (2017–2018).

Meldinga har hovudfokus er å skape eit meir aldersvennleg Norge og finne nye og innovative løysningar på dei kvalitative utfordringane knytt til aktivitet og fellesskap

Levende lokalsamfunn for fremtiden (Meld. St. 5 (2019-2020)


Meldinga legg vekt på at det viktigaste for levande lokalsamfunn i heile Noreg er eit næringsliv som opprettheld og skaper nye lønsame arbeidsplassar. Samferdsel, kompetanse og helse er sentrale tema i meldinga, samt kommune- og regionreform.

Perspektivmeldinga 2021 (Meld. St. 14 (2020-2021)

Perspektivmeldinga 2021 peikar på viktige nasjonale utfordringar Norge har fram mot 2060, og regjeringa sin strategi for å løyse dem.

1.5 REGIONALE FORVENTNINGAR OG FØRINGAR

I [Utviklingsplan for Vestland 2020-2024](#) set Vestland fylkeskommune fire overordna mål for samfunnsutviklinga i fylket:




1. Vestland som det leiande verdiskapingsfylket og nasjonal pådrivar for eit regionalisert og desentralisert Noreg
2. Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling
3. Lokalsamfunn som ramme for gode kvarlagsliv i heile Vestland
4. Like moglegheiter til å delta i verdiskaping

Andre regionale føringer (lista er ikkje uttømmande):

- Strategi for tettstadutvikling og senterstruktur, 2018–2022
- Regional plan for klima (vedtak 2022)
- Regional plan for innovasjon og næringsutvikling
- Regional transportplan, med tilhøyrande strategiar
- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv (vedtak 2022)
- Regional plan for vassforvaltning Vestland
- Regional plan for Helse Vest


2 UTVIKLINGSTREKK

2.1 UTVALDE UTVIKLINGSTREKK



Folketalsutvikling og demografi


Folketaket i Stryn er stigande, det skuldast i hovudsak nettoinnflytting. SSB sine framskrivingar av folketal og demografi viser at det vil vere 7 % færre personar i yrkesaktiv alder i 2040 enn i 2022, samstundes som del vil vere om lag 35 % fleire i aldersgruppa 65+. Dette vil påverke kommunen sine tenester som til dømes helse og omsorg, bustadpolitikk, kultur og fritidstilbod og økonomi.



Tabell over folketalsutviklinga frå KS

Sysselsetjing, pendling og utdanningsnivå

Stryn har ein variert næringsstruktur men relativt få sysselsette innan offentleg forvaltning. Meir enn 60 % av dei sysselsette jobbar innan sekundær og tertiærnæringane (industri, varehandel, hotell/restaurant m.m.). Tal for pendling viser at det er om lag like mange som pendlar inn og ut av kommunen. Om lag halvparten av den vaksne befolkninga har utdanning på vidaregåande skulenivå, den andre halvparten fordeler seg om lag likt mellom grunnskule- og universitetsnivå.




Klima og miljø

Auka nedbørsmengder, fleire og større regnflaumar og auka fare for jord-, flaum- og sørpeskred er nokre av dei endringane ein kan vente seg framover, som fylgje av klimaendringar. Stryn sin topografi tilseier at utfordringane med eit våtare og meir ekstremt klima vil råke relativt hardare her enn i mange andre kommunar. Dette vil påverke tilgangen til areal til busetjing og utvikling, og det vil få økonomiske konsekvensar i form av auka kostnadar til førebygging og utbetring av infrastruktur.

Verna natur og vassdrag

Stryn har søkt status som nasjonalparkkommune. Av kommunen sitt totalareal på ca. 1380 km² er 480 km² verna som nasjonalpark, landskapsvernområde eller naturreservat. I tillegg har vi tre varig verna vassdrag i kommunen, der heile nedbørfeltet er verna mot kraftutbygging.

Følgande tabell er henta frå KS sitt «[Fremtidsverktøy 2040](#)», steg 2 «[Min kommune](#)»:





3. TEMA- OG UTVIKLINGSOMRÅDE SOM KOMMUNEN VIL HA SÆRLEG FOKUS PÅ

3.1 BEREKRAFTSMÅLA

FNs berekraftsmål som grunnlag for kommunal planlegging

I 2015 vedtok FNs generalforsamling 2030-agendaen for berekraftig utvikling. Agendaen har 17 utviklingsmål for å fremje **sosial, miljømessig og økonomisk berekraft**. FNs berekraftmål er verdas felles arbeidsplan, mellom anna for å sikre sosial rettferd og god helse og stanse tap av naturmangfold og klimaendringar. Måla skal vise veg mot ei berekraftig utvikling på kort og lang sikt. Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å realisere ei berekraftig samfunnsutvikling og for å realisere berekraftmåla i Noreg. Dei er nærmast befolkninga, lokale bedrifter og organisasjonar. Samtidig er dei ansvarlege for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar levekåra og utviklingsmoglegheitene til befolkninga. Regjeringa legg vekt på at arbeidet med å realisere berekraftmåla blir sikra brei forankring gjennom den regionale og kommunale planlegginga.

Ein kan lese meir om berekraftsmåla på [FN sine sider](#).



Berekraft er eit omgrep som spenner vidt. Berekraftig utvikling er ei utvikling som skal imøtekome dagens behov utan å redusere moglegheitene for kommande generasjonar.

Berekraft er tett kopla til livskraftige lokalsamfunn, som blant anna omhandlar befolkningens grunnlag, arbeidsplassar, tilbod, tenester og kvalitet og korleis kommunale prosesser og innbyggjarinvolvering gjennomførast.

Å bruke berekraftsmåla er ikkje å snu opp ned på kommunen, men det handlar om å korrigere kurset og gjere nokre endringar. Det handlar om å bli meir tydeleg på kva kommunen skal prioritere og sette ting i system. Kommunane er i en særstilling i sin rolle som myndighetsutøver, tenesteytar og samfunnsutviklar. Kommunen bør saman med innbyggjarane og andre i lokalmiljøet ta ei sentral rolle i arbeidet med å sørge for ei berekraftig utvikling.

Kommunane må også finne nye arbeidsformer som koplar mål og strategiar med initiativ frå innbyggjarane, næringsliv og andre lokale krefter. Et godt reiskap i dette arbeidet med kommuneplanen. Gjennom dette arbeidet kan kommunen kople FNs Berekraftsmål til eigne mål, strategiar og tiltak.

Arbeidet med samfunnsdelen skal ta omsyn til dei tre berekraftsdimensjonane; **miljømessige berekraft, sosial berekraft, økonomisk berekraft**.



Det er samanhengen mellom desse tre dimensjonane som avgjer om noko er berekraftig.



Samanhengen mellom de tre likeverdige bærekraftselementene.

Miljø og klima. Eit samfunn som tar overordna miljøomsyn, sikrar miljø- og naturressursar mot nedbygging og forureining samt bidreg til å forebygge klimaendringar.

Den **sosiale** delen av berekraftig utvikling handlar samfunnet og menneska, og om å sikre at alle menneske i samfunnet får eit godt og rettferdig grunnlag for eit anstendig liv.

Den **økonomiske** dimensjonen av berekraftig utvikling handlar om å sikre økonomisk tryggheit, eit samfunn som skaper verdiar og utvikling i lokalsamfunnet som over tid opprettheld eit godt velferds- og tenestetilbod.

Det er viktig at vi jobbar godt med berekraftsmåla og bryt dei ned til kva vil det bety for oss, og korleis skal vi jobbe vidare med dette.

3.2 AKTUELLE TEMA OG UTVIKLINGSOMRÅDE

Kommunen sin samfunnssdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilheit.

Dette skal vere tema som vi skal ha spesielt fokus på, men det betyr ikkje at skal slutte med det som ikkje er nemnt i dokumentet, men det skal seie noko om kvar vi skal rette innsats og ressursar på for å nå måla vi har satt.


Tema- og utviklingsområde skal omtale dei områda som vi skal prioritere med brei innsats mot dei neste 12 åra. Dei skal vere overordna, tverrsektorielle og relevante for heile planperioden og skal visast igjen i handlingar og tiltak i åra framover. Dei tema og utviklingsområda som blir nærmere omtalt i planprogrammet, må ikkje forståast som uttømmande. Gjennom innspel til planprogrammet, medverknad og drøftingar i prosessarbeidet vil det vere behov og rom for å arbeide vidare med namnsetting og gjere nødvendige justeringar.

FN sine berekraftsmål bør også vurderast, og aktuelle berekraftsmål bør koplast opp mot dei ulike tema og utviklingsområda i samfunnssdelen.

Det vi ønsker å finne er dei 3-4 tema og utviklingsområda som vil ha fleire delmål under seg, samt strategiar på kva vi skal gjere for å nå desse måla. Å komme fram til dette vil krevje samhandling mellom alle i kommunen, og medverknad er viktig for å oppnå dette.

Tema og utviklingsområde (dette vil vi ekstra fokus på) -> Delmål (dette vil vi) -> Strategiar (slik gjer vi det).

Kommunestyret fekk i arbeidsmøte utfordringa på å finne dei tema og utviklingsområda som er viktige for Stryn. Dei vart delt opp i 5 grupper på tvers av partia og dei som no ligg føre i planprogrammet er henta frå dette gruppearbeidet.



Forslag til tema og utviklingsområde (i alfabetisk rekkefølgje), og som det er ønska å få innspel på:

«BEREKRAFTIG NÆRINGSUTVIKLING»

- Desentralisert utdanning
- Grøn næring
- Ja-kommune
- Landbruk
- Oppretthalde landbruk og bevare kulturlandskap
- Reiseliv og berekraftig turisme
- Rekruttering
- Utvikling av næringslivet

«BULYST OG ATTRAKTIVE LOKALSAMFUNN»

- Attraktivt for nyutdanna i bu i Stryn
- Desentralisert kommune

- Fokus på barn og unge
- Friluftsliv
- Fritidsaktivitetar
- Frivillighet
- Gode bygdelag
- Inkluderande lokalsamfunn
- Innvandring og integrering
- Kulturelt mangfold
- Levande bygder
- Moglegheiter i bygder og tettstadar
- Naturleg førsteval for alle som skal etablere seg
- Rekruttering
- Tilrettelegging for befolkning i ulike alder og livssituasjon

«EIT GODT LIVSLØP I STRYN»

- Oppvekst
 - Fritidstilbod
 - Gode skular og barnehagar fagleg og psykososialt
 - Integrering
 - Strategi for skule/barnehage med fallande barnetal
- Velferd, helse og omsorg
 - Aktive eldre
 - Fleire eldre – planleggje bu og omsorgstilbod
 - Folkehelse
 - Framtidsretta tilbod «Leve heile livet»
 - Rekruttering
 - Tilrettelegging og digitaliseringsoplæring for eldre
 - Velferdsteknologi

«FRAMTIDSRETTA UTVIKLING I HEILE KOMMUNEN»


- Folkehelse
- Grøn energi
- Klima
- Kraftutbygging
- Natur
- Samfunnstryggheit og beredskap
- Universell utforming

3.3 VISJON OG VERDIAR

Gjennom arbeidet med samfunnssdelen skal vi definere mål for framtidig utvikling av samfunnet vårt. For at samfunnet skal utvikle seg i ønska retning er vi avhengige av samskaping; innbyggjarane, kommunen, lag og organisasjonar, frivillige, næringsliv og andre som påverkar utviklinga. Ved å saman definere ein fellesvisjon og eit sett med verdiar kan det vere enklare å gå i felles retning, og det kan gjere det enklare å ta dei vala som skal til for at samfunnet skal utvikle seg i den retning som vi ønsker. Derfor må visjon og verdiar bli ein del av arbeidet med samfunnssdelen og bør gjenspegle tema og utviklingsområda.

Det blir viktig å integrere visjon og verdiar i strategiske prosessar som er sentrale for Stryn kommune og som utgjer viktige politikkområde. Det er lokalpolitikarane sitt ansvar å ta leiinga, setje dagsorden, innovativ og utvikle felles visjon og mål for framtidig lokal utvikling.¹

Visjon og verdiar vil bli politisk godkjent gjennom vedtak av kommuneplanen sin samfunnssdel.



¹ [Den handlekraftige kommunen –Fordypningsdag i Folkevalgtprogrammet](#)

3.4 AREALSTRATEGI

I samsvar med «[Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging 2019-2023](#)», skal samfunnsdelen innehalde kommunen sine overordna arealstrategiar. Samfunnsdelen med langsiktige arealstrategiar skal vere kommunen sitt strategiske styringsdokument i eit 12-års perspektiv.

Vedtekne arealstrategiar skal sikre at arealbruken støttar opp om og bidreg til å nå dei overordna måla som vert sett i samfunnsdelen. Arealstrategiane skal også vere førande for arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdelen.

Arealstrategiane skal:

- Støtte opp under dei valte tema- og utviklingsområda.
- Leggast til grunn i arbeidet med rullering av kommuneplanen sin arealdelen.
- Finne det lokale handlingsrommet som samsvara med regionale og nasjonale føringar til arealforvaltninga som er omtalt i kapittel 1.
- Finne det lokale handlingsrommet som samsvara med FN sine berekraftsmål og sikra sosialt, økonomisk og miljømessig berekraftig samfunnsutvikling.

Kommuneplanens arealdel syner samanheng mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, og gir juridiske føringar gjennom plandokument (kart og føresegner). Samfunnsutviklinga skal vurderast i samfunnsdelen og vil beskrive behov og gi føringar for framtidig arealbruk.

Ein framtidsretta arealstrategi er eit viktig grunnlag for arbeid med kommuneplanens arealdel og gjer arealpolitikken i kommunen tydleg og forutsigbar ved innspel til kommunedelplan, regulering og i utbyggingssaker. Ei klar kopling mellom samfunnsdelen og arealdelen er eit viktig politisk styringsverktøy.



3.5 KOMMUNEN SOM ORGANISASJON

Samfunnssdelen skal også omhandle mål og strategiar for kommunen som organisasjon. Mål og strategiutviklinga skal skje med utgangspunkt i tverrfagleg drøftingar av korleis kommuneorganisasjonen på den beste måten kan møte og løye utfordringane i tema- og utviklingsområda. Samarbeid gjennom god rolleforståing, kommunikasjon, informasjon, klar prioritering og kunnskap om belastning og kompetanse for organisasjonen, vil vere viktig for å nå dei langsiktige målsetningane. Dette vil også gje avklaringar rundt også med forventningar til kommunen i si rolle som samfunnsutviklar.

Stadig endringar i nasjonale føringer og satsingsområde forutsette at kommunane har kompetente tilsette og ein fleksibel organisasjon, som tilpassar seg krava som settast til tenestene og behova til innbyggjarane. Kommunane må tenke nytt om det å være ein tenesteytar og dette er ei rolle i endring.

Rolla som samfunnsutviklar blir ofte omtalt som «Kommune 3.0». Tanken rundt omgrepet «Kommune 3.0» er at kommunen er eit lokalsamfunn der innbyggjarar, kommune, frivillige, næringsliv m.m., gjennom samarbeid og samhandling, løyser oppgåvene og jobbar mot måla.

Figuren under illustrerer korleis kommunen si samfunnsrolle har utvikla seg over tid. Trendane og forventningane (jf. Nasjonale forventingar til kommunal og regional planlegging) visar til ei stadig forskyving mot å opptre som «Kommune 3.0» - altså ei forventning om at kommunen skal vere ein aktiv/proaktiv samfunnsutviklar. Dette set krav til kommuneorganisasjonen som handlekraftig, samhandlande og løysingsorientert. Dette må sjåast i tett samanheng med samskaping som det står meir om i neste kapittel, Kommune 3.0 = Samskapingskommune.





4 MEDVERKNAD OG FRAMDRIFT

4.1 ORGANISERING OG OPPLEGG FOR MEDVERKNAD

Samfunnet vårt står overfor store, komplekse utfordringar som klimaendringar, endring i demografi, auka ulikeheiter i levevilkår, aukande tal eldre, digitalisering, mangel på arbeidskraft, utanforsk og mental helse. Forventingane til kommunen blir stadig større, samstundes som dei økonomiske rammene blir stramme. Å lukkast å få meir ut av dei samla ressursane som kommunen har, er viktig for framtidas tenestetilbod.

Samskaping blir definert som ein metode der tilsette, politikarar og næringsliv saman med innbyggjarane finn ut korleis eit behov eller ei utfordring skal løysast². Det trekkast også fram som verktøy for å realisere visjonar i planer og styrke verdiar knytt til fellesskap, tilhørsle og samarbeid. Figuren under illustrerer korleis dei norske kommunane har endra seg.



Figur henta frå KS- FoU- Prosjekt 1840111. Figuren er utarbeida frå fleire andre kommunar.

Samskaping kan vere eit verktøy til å skape ressursar som kan løye utfordringane, og korleis ein skal sørge for at framtida for kommunen skapast i samarbeid og at samfunnet blir kjenneteikna av deltaking, engasjement og fellesskap. Samskapingskommunen har ikkje berre eit organisasjons- eller næringslivsfokus, men også eit individfokus. Innbyggjarane skal i alle livsfasar oppleve sjølvråderett og livskvalitet, og i størst mogeleg grad vere aktive, ta ansvar sjølve og kunne meistre vanskelege livssituasjonar. Kommunen skal i størst mogeleg grad finne løysingar saman med dei løysingane gjeld –antent det er einskildpersonar, bygdelag, frivillige lag, næringsliv eller andre. Det er viktig at kunnskap og innspel ut over kommuneadministrasjon og politikarar engasjerer seg i planprosessen. Samskaping handlar om at alle innbyggjarane får ei enda meir aktiv rolle som f.eks. pårørande, forelder, elev, bebruar eller som samfunnsengasjert. Plan- og bygningslova kap. 5 slår fast at planprosessen skal legge til rette for god medverknad. Innbyggjarar, myndigheter og eksterne fagpersonar skal ha moglegheit til å komme med synspunkt og delta i utforminga av planen gjennom aktiv deltaking som igjen vil sikre at samfunnssdelen blir eit så bra og relevant styringsdokument som mogleg.

² [KS- FoU- Prosjekt 1840111](#)

Deltakarar og medverknad

Samfunnet: Eit viktig formål med ny samfunnssdel, er at den skal vere eit fundament for samarbeid med andre samfunnsaktørar om samfunnsutvikling. Det vil legge føringar for prosessen fram mot ny plan. Prosessen skal være open for alle. Arbeidet med ulike tema må også bli lagt opp på en slik måte at ulike samfunnsaktørar gis reell moglekeit for medverking.

Innbyggjar, lag og foreiningar: Kommuneplanen sin samfunnssdel gjelder alle. Å nå og høyre innbyggjarane har derfor høg prioritet. Lag og foreiningar og andre steder der innbyggjarane møtes er viktige arenaer i denne samanheng, og det er viktig for også at ein har ei digital løysing for å nå flest mogleg.

Folkevalde: Det er kommunestyret som «eig» kommuneplanen sin samfunnssdel og prosessen. Dette inneberer at det er kommunestyret som vedtek å sette i gang arbeidet med planen, vedtar kva som skal leggast ut på høyring og vedtek den endelege planen.

Kommuneadministrasjonen: Kommuneplanen sin samfunnssdel skal vere grunnlag for sektorane sine planer og verksemder. Den skal gi retningsliner for korleis kommunen sine eigne mål og strategiar skal gjennomførast. Kommuneplanen sin samfunnssdel vil dermed vere ein viktig arena for samordning av sektorane sine utfordringar og prioriteringar.

Den formelle medverknaden skjer gjennom offentleg høyring. Politisk forankring og brei deltaking er eit overordna mål for å byggje eigarskap og gjennomføringskraft. Sjølvé prosessen er difor eit viktig strategisk grep for å sikre at planen blir eit verktøy for vidare utvikling og vekst i Stryn.

I prosessen med utarbeiding av kommuneplanen sin samfunnssdel vil blir det lagt opp til ein tredelt medverknadsprosess;

- Digital innspelkjema - det vil bli utarbeidd eit digitalt innspelskjema som vil bli distribuert gjennom ulike digitale plattformer
- Dialogmøte og innspel frå organisasjonar – dei mest aktuelle vil vere;
 - Ungdomsrådet
 - Eldreråd og råd for personar med nedsett funksjonsevne
 - Inkluderingsutval
 - Idrettsrådet
 - Frivilligsentralen
 - Skular og barnehagar
 - Vaksenopplæringa/Norskopplæringa
 - Arbeids- og treningsenter
 - Bygde- og utviklingslag
 - Idrettslag
 - Frivillige lag og organisasjonar
 - Næringsorganisasjonar i landbruket
 - Næringsamskipnaden/ næringsorganisasjonar
 - Helseføretak
 - Regionale aktørar
- Politiske og administrative drøftingar
 - Innleiande arbeidsmøte med ordførar/varaordførar
 - Arbeidsverkstad med formannskap og kommunestyre
 - Medlemsmøte i politiske parti
 - Interne arbeidsmøte med deltakarar frå sektorane

4.2 ORGANISERING OG FRAMDRIFTSPLAN

Plan- og bygningslova set krav om kommunale planprosessar skal vere opne og føreseielege. I planprogrammet skal ein omtale planprosessen si organisering og framdriftsplan med milepelar.

Forankring er viktig for at dette blir vårt viktigaste styringsverktøy. Ei god forankringa vil bli sikra gjennom politisk og administrative styrings- og arbeidsgrupper. Det er viktig med opne møtepunkt mellom administrasjon, politikk, innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar m.m.

Justeringar på organisering og framdriftsplan kan komme etter eventuelle høringsinnspele.

Modellen som følger gir ei forenkla oversikt over **organiseringa av arbeidet**:

Kommunestyret er vedtaksorgan.

Politisk styringsgruppe er planutvalet som er formannskapet i Stryn kommune.

Dei har det overordna politiske ansvaret for kommuneplanprosessen.

Prosjektstyringsgruppe som vil vere medlemmar frå både politisk og administrativ leiing
(Ordførar, varaordførar, kommunedirektør, kommunalsjefar og prosjektleiar)

(Det kan bli gjort endringar i gruppa ut i frå vekslande behov i prosessen)

Kommunedirektøren si leiargruppe er viktig forankringsorgan i arbeidet,
og vil vere ein viktig del i heile prosessen.

Tematiske og tverrfaglege arbeidsgrupper som får ansvar for ulike tema.
Bli oppretta etter vedtak om planprogram.
Desse kan vere både interne og eksterne.

Tematiske og tverrfaglege arbeidsgrupper
...

Oversikt over **førebels** framdriftsplan:

Aktivitet	2022				2023												2024			
	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Jan	Feb	Mar	Apr
Utarbeiding planprogram																				
Planprogram - vedtak og offentleg ettersyn																				
Handsaming av innkome merknadar																				
Fastsettjing av planprogram																				
Arbeid med samfunnsdel og medverknad																				
Ferdigstille utkast til planframlegg																				
Planframlegg - vedtak og offentleg høyring																				
Handsaming av innkome merknadar																				
Vedtak om ny samfunnsdel																				

Utkast

4.3 KUNNSKAPSGRUNNLAG OG UTGREIINGSBEHOV

Under har vi satt opp ei liste over aktuelle kunnskapsgrunnlag for det vidare arbeidet med samfunnsdelen. Lista blir basert på aktuelle tema og utviklingsområde. **Den er ikkje uttømmande og vil bli vidareutvikla vidare i prosessen fram til framlegget av samfunnsdelen for Stryn kommune.**

EKSISTERANDE KUNNSKAPSGRUNNLAG

- Kommunal planstrategi 2020-2024 (vedtak i kommunestyret 24.09.2020 sak KS 93/20)
- Mål og strategiar for Leve heile livet (vedtak kommunestyret 24.09.2020 sak KS 94/20)
- Folkehelseoversikt
- «Stryn kommune - berekraftig samfunn i vekst og utvikling» 13-årige skuleløp (vedtak KS 19/20)
- Berekraftig reisemål Nordfjord
- Utkast til næringsstrategi (mars 2020)
- Kunnskapsgrunnlag og utfordringsnotat som er utarbeida samband med andre planar som gir føringar for samfunnsdelen.

FØREBELS IDENTIFISERTE UTGREIINGSBEHOV

- Framstille demografisk profil med relevante faktorar og framskriving av desse.
- Kunnskapsgrunnlag som framstiller kommunen sine utfordringar
- Utgrie/hente fram relevante data for berekraftsindikatorane knytt til FN sine 17 berekraftsmål
- Ulike utgreiingsbehov i samband med arealstrategien